

Vurderingsretteiing

2011

SAM3020 Politikk og menneskerettar
Sentralt gitt skriftleg eksamen

Vurderingsrettleiing til sentralt gitt skriftleg eksamen 2011

Denne vurderingsrettleiinga gir informasjon om sentralt gitt eksamen og korleis han skal vurderast. Vurderingsrettleiinga skal vere kjend for elevar, lærarar og føresette i god tid før eksamen. Sensorane skal bruke vurderingsrettleiinga som ei felles referanseramme i arbeidet sitt.

Vurderingsrettleiinga består av ein generell del (del 1), som gjeld for eksamen i alle fag, og ein fagspesifikk del (del 2).

Del 1

Organisering av sentralt gitt skriftleg eksamen

Sentralt gitt skriftleg eksamen varer i 5 timar. Så langt det er mogleg, bør sentralt gitt eksamen vere [IKT-basert](#).

Sentralt gitt skriftleg eksamen kan organiserast med eller utan førebuingsdag. Om det er førebuingsdag til eksamen i eit fag, går fram av del 2 i vurderingsrettleiinga.

På førebuingsdagen er alle hjelpemiddel tillatne, inkludert bruk av Internett. Førebuingsdagen er obligatorisk skoledag. I førebuingstida kan eleven samarbeide, hente informasjon og få rettleiing.

Hjelpemiddel til sentralt gitt eksamen

Sentralt gitt eksamen kan følgje to ulike modellar. Kva for hjelpemiddel som er tillatne, er avhengig av kva for ein av dei to modellane som er vald.

- **Modell 1 – Eksamen**

Alle hjelpemiddel er tillatne. Unntak er Internett og andre verktøy som tillèt kommunikasjon. For norsk og framandspråka er heller ikkje omsetjingsprogram tillatne.

- **Modell 2 – Todelt eksamen**

Del 1 – Skrivesaker, passar, linjal og vinkelmålar er tillatne.

Del 2 – Alle hjelpemiddel er tillatne, med unntak av Internett og andre verktøy som tillèt kommunikasjon.

Den fagspesifikke delen av vurderingsrettleiinga gir informasjon om kva modell som blir brukt i det enkelte faget.

Gjennom opplæringa i det enkelte faget skal elevane ha fått rettleiing i å vurdere kva hjelpemiddel dei vil ha nytte av i arbeidet med å løyse ulike typar oppgåver. Det er eleven sjølv, gjerne i samråd med læraren, som finn fram til kva hjelpemiddel som er formålstenlege.

Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må desse kjeldene førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det er viktig at kjelder som blir brukte til eksamen, blir førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/ho føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.

Dersom sensor mistenkjer at eit svar inneheld kopiert materiale utan kjeldetilvising, kan svaret sendast til plagiatkontroll.

Vurdering av eksamenssvar

Læreplanane og forskrift til opplæringslova er grunndokument for vurderingsarbeidet. Forskrift til opplæringslova §§ 3-25 og 4-18 slår fast:

Eksamen skal organiserast slik at eleven/deltakaren eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven/deltakaren eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen.

Kompetanse er i denne samanhengen definert som evna til å møte ei kompleks utfordring eller utføre ein kompleks aktivitet eller ei kompleks oppgåve.¹ Eksamensoppgåvene blir utforma slik at dei prøver denne kompetansen. Grunnlaget for å vurdere kompetansen elevane viser i eksamenssvaret, er kompetansemåla i læreplanen for fag.²

Dei grunnleggjande ferdigheitene er integrerte i kompetansemåla i alle læreplanane for fag. Grunnleggjande ferdigheiter vil derfor kunne prøvast indirekte til sentralt gitt eksamen. Grunnleggjande ferdigheiter utgjer ikkje eit sjølvstendig vurderingsgrunnlag.

Karakterar

Forskrift til opplæringslova §§ 3-4 og 4-4 har generelle karakterbeskrivingar for grunnopplæringa:

- a) Karakteren 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget.
- b) Karakteren 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget.
- c) Karakteren 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget.
- d) Karakteren 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget.
- e) Karakteren 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget.
- f) Karakteren 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget.

Kjenneteikna på måloppnåing i den fagspesifikke delen av vurderingsretteleingane beskriv nærmare kva for eksempel "god kompetanse i faget" vil seie for eit bestemt fag til skriftleg eksamen.

¹St.meld. nr. 30 (2003–2004) *Kultur for læring*.

²Forskrift til opplæringslova §§ 3-3 og 4-3.

Del 2 SAM3020 Politikk og menneskerettar

Fagspesifikk del

Sentralt gitt skriftleg eksamen i politikk og menneskerettar består av ein førebuingsdag og ein eksamen som varer i 5 timar.

Førebuingsdagen

På førebuingsdagen *kan* elevane få i oppdrag å setje seg inn i eit tema og/eller ei problemstilling, samle inn kjeldemateriale og velje ut relevante kjelder.

På førebuingsdagen kan elevane bruke alle hjelpemiddel, samarbeide med medelevar og diskutere. Elevane har krav på rettleiing, men det er også viktig at eleven arbeider sjølvstendig med førebuinga og blir godt kjend med innhald og tema.

Eksamen

Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.

På eksamensdagen vil det arbeidet elevane har gjort, og kjeldene dei eventuelt har brukt i førebuingstida, vere viktige. Elevane må sjølv sørge for at dette materialet er lett tilgjengeleg på eksamensdagen.

Kjelder

Bruk av kjelder

Dersom det er aktuelt for eleven å bruke kjelder i svaret, må dei førast opp på ein etterretteleg måte. Det finst ulike måtar å føre opp kjelder på. Det er viktig at kjelder som blir brukte til eksamen, blir førte opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.

Eleven skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på så vel lærebøker som annan litteratur. Dersom eleven bruker utskrift eller sitat frå nettsider, skal han/hoføre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. Eleven bør vise til eventuelle kjelder undervegs i teksten.

Dersom sensor mistenkjer at eit eksamenssvar inneheld kopiert materiale utan kjeldetilvising, kan svaret sendast til plagiatskontroll.

Oppgåvetypar

Form og innhald i eksamensoppgåvene vil variere noko. Det er med andre ord ikkje sikkert at det blir utarbeidd ein bestemt type oppgåver kvar gong. Det kan likevel vere nyttig å studere malen for fagleg artikkel (neste side).

Om å lese oppgåveteksten godt – og disponere svaret

For at eleven skal kunne gi eit presist og relevant svar på det oppgåva spør om, er det nødvendig å lese heile oppgåveteksten godt. Dette er viktig for at eleven skal kunne vurdere korleis han/ho skal disponere dei ulike delane av oppgåva. Bruk gjerne forslaget til mal for fagartikkel (sjå under).

Vurdering av kompetanse

Eksamen skal organiserast slik at eleven eller privatisten kan få vist kompetansen sin i faget. Eksamenskarakteren skal fastsetjast på individuelt grunnlag og gi uttrykk for kompetansen til eleven eller privatisten slik denne kjem fram på eksamen (forskrift til opplæringslova § 3-25).

Det er den individuelle kompetansen eleven har ut frå dei aktuelle kompetansemåla i læreplanen som skal vurderast. Vurderinga skal ta utgangspunkt i det eleven meistrar, og ikkje motsett. Deloppgåvene blir ikkje "vekta" mot kvarandre. Det er svaret som heilskap som blir vurdert.

Grunnleggjande ferdigheiter er integrerte kompetansemåla, men utgjer ikkje eit sjølvstendig vurderingsgrunnlag. I læreplanen for politikk, individ og samfunn er den grunnleggjande ferdigheita å *kunne uttrykke seg skriftleg beskrive* slik:

Å kunne uttrykke seg skriftlig i politikk, individ og samfunn innebærer å framstille tekster presist, strukturert og selvstendig. Det vil si å drøfte samfunnsfaglige tema der momentene kommer i naturlig rekkefølge og blir vurdert i forhold til hverandre. Det betyr også å bearbeide og trekke sammen tekster for å skaffe seg oversikt.

I vurderinga blir det lagt vekt på at elevane gir eit *relevant* svar på oppgåva. Det er ikkje krav til avgrensingar i lengd på svaret, men oppgåva blir vurdert ut frå kvalitet og ikkje kvantitet. Eit godt svar er presist – ikkje utflytande.

Mal for fagleg artikkel i eksamenssamanheng

Mange oppgåver i faget føreset at eleven skriv ein lengre samanhengande tekst. Elevane kan velje å bruke denne malen som eit verktøy for å disponere svaret sitt, jf. den grunnleggjande ferdigheita å *kunne uttrykke seg skriftleg* i læreplanen for politikk, individ og samfunn. Dette er berre eit forslag – eit eksamenssvar kan også setjast opp på andre måtar.

Innleiing

- I innleiinga beskriv du kort kva svaret ditt skal handle om. Avgrensing og konkretisering av problemstillinga og eventuelle delproblemstillingar høyrer også inn under denne delen.

Hovuddel

- I hovuddelen beskriv du *teori* som belyser problemstillinga di.
- *Argumentasjonsdelen*, der du drøftar problemstillinga med dine eigne argument ut frå teori og faktakunnskap, er heilt sentral her.

Konklusjon

- Her gir du ei kort og presis oppsummering av dei viktigaste punkta i hovuddelen.
- Avslutt med eit kort svar på den innleiande problemstillinga.

Kjelder

- Her set du opp referanseliste.

Kjenneteikn på måloppnåing

Matrisa på neste side viser kva som krevst for å oppnå dei ulike karakterane når det er bedt om "drøfting", "utgreiing", "forklaring" osv. Det er viktig at elevane er gjorde kjende med kva desse omgrepa inneber, og kva som krevst på dei ulike karakternivåa.

Kjenneteikn på måloppnåing – politikk og menneskerettar

Ferdigheit/kompetanse	Eksempel på kompetansemål	Karakteren 2	Karakterane 3 og 4	Karakterane 5 og 6
Beskrive eller presentere	<ul style="list-style-type: none"> • <i>beskrive</i> hovudlinjer i den politiske utviklinga i Noreg etter 1814 • <i>presentere</i> avgjerdsprosessar i aktuelle politiske saker 	Eleven uttrykkjer enkle fakta med eigne ord.	Eleven formidlar stoffet samanhengande og med relevant stoffutval.	Eleven formidlar relevant stoff nyansert, sakleg og presist med klar og logisk struktur.
Gjere greie for	<ul style="list-style-type: none"> • <i>gjere greie for</i> rettsreglar og avtalar i internasjonal politikk og bruksområda deira • <i>gjere greie for</i> samanhengar mellom menneskerettar og demokrati 	Eleven viser oversikt over enkelte relevante moment.	Eleven gir uttrykk for ei samanhengande, strukturert og dekkjande oversikt over nokre sentrale moment.	Eleven gir ei sakleg, utfyllande, strukturert og sjølvstendig oversikt over fleire sentrale moment.
Finne fram til kjenneteikn for	<ul style="list-style-type: none"> • <i>finne fram til kjenneteikn</i> på demokrati 	Eleven kjenner att enkelte sentrale trekk ved det aktuelle omgrepet eller emnet.	Eleven bruker fleire av dei viktigaste trekkka ved det aktuelle omgrepet eller emnet ved identifiseringa.	Eleven identifiserer presist, utdjupande og klart avgrensande.
Gi eksempel på	<ul style="list-style-type: none"> • <i>gi eksempel</i> på brot på sivile og politiske rettar og på sosiale, økonomiske og kulturelle rettar i ulike delar av verda 	Eleven gir eit avgrensa tal på eksempel med ein viss relevans.	Eleven gir fleire gode og treffande eksempel med ei viss breidd.	Eleven gir fleire ulike og illustrerande eksempel med god breidd og sjølvstende i utvalet.
Forklare	<ul style="list-style-type: none"> • <i>forklare</i> forskyvingar i makt og påverknad mellom politiske institusjonar og aktørar i moderne samfunn • <i>forklare</i> korleis demokratiske institusjonar fungerer 	Eleven trekkjer fram enkelte relevante moment med ein viss samanheng.	Eleven viser ei viss grunnnett forståing av årsaksforhold.	Eleven framstiller årsaksforhold på ein utdjupande, logisk og godt grunnnett måte.
Tolke eller analysere	<ul style="list-style-type: none"> • <i>tolke</i> hovudlinjer i den politiske utviklinga i Noreg etter 1814 • <i>analyserer</i> korleis politiske avgjerder blir påverka av internasjonalisering 	Eleven undersøker delvis eit saksforhold eller tema basert på eit smalt utval moment.	Eleven analyserer samanhengande og strukturert eit utvalmoment i lys av fagleg teori.	Eleven analyserer sjølvstendig og kritisk eit breitt utval moment med solid fagleg forankring og logisk struktur.
Samanlikne	<ul style="list-style-type: none"> • <i>samanlikne</i> ulike politiske system 	Eleven finn fram til enkelte forskjellar og likskapar	Eleven finn fram til forskjellar og likskapar og vurderer nokre årsaker til ulikskapane.	Eleven finn fram til forskjellar og likskapar, og vurderer nokre årsaker til og moglege konsekvensar av dei påviste ulikskapane.
Diskutere, vurdere og drøfte	<ul style="list-style-type: none"> • <i>diskuterer</i> rolla massemedia har som internasjonal aktør • <i>drøfte</i> vilkår for medborgarskap og demokratiske styreformer • <i>vurderer</i> rolla internasjonale aktørar har i verdssamfunnet • <i>drøfte</i> problemstillingar om fred og tryggleik, økonomi, miljø, utvikling og bistand i tilknytning til internasjonalt samarbeid 	Eleven har med enkelte relevante argumentog prøver å vege dei mot kvarandre.	Eleven presenterer relevante argument og greier i nokon grad å vege dem mot kvarandre og trekkje ein konklusjon.	Eleven presenterer sentrale argument og veg dem mot kvarandre på ein sjølvstendig måte. Eleven trekkjer på bakgrunn av dette ein logisk og sjølvstendig konklusjon.

Schweigaards gate 15
Postboks 9359 Grønland
0135 OSLO
Telefon 23 30 12 00
www.utdanningsdirektoratet.no